

Til naboar, gjenbuarar,  
rettshavarar og offentleg mynde

OSE AS  
Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta  
Tlf 70 04 52 20  
firmapost@oseing.no

[oseing.no](http://oseing.no)

Vår ref.: P2160 Ålesund 16.06.2026

## Detaljplan Våtmyra næringsområde, gbnr. 45/23 mfl. – varsel om oppstart av planarbeid

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1, 12-3 og 12-8 blir det med dette varsla om igangsetjing av privat detaljregulering for eigedomen gbnr. 45/23 mfl. i Sykkylven kommune.

Fishtech Hygena AS, Joar Ekornes og Våtmyr industriområde AS er forslagsstillar og OSE AS er plankonsulent for planarbeidet.

### Lokalisering

Planområdet ligg ved Sørestrandvegen 1122, gbnr. 45/23 mfl. i Sykkylven kommune

### Mål med planarbeidet

Planarbeidet blir gjort for å;

- leggje til rette for eksisterande og ny næringsverksemd
- leggje til rette for offentleg eller privat tenesteyting
- sikre trafikktilhøva
- avklare naturfare i området

### Planområdet

Planområdet består av (del av) eigedomane gbnr. 45/1, 3, 7, 8, 15, 18, 23, 24 og 25 og er på om lag 24 daa inklusiv vegareal til fylkesvegen. Avgrensinga av planområdet kan bli endra før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.

### Planstatus

Overordna plan

I arealdelen for Sykkylven kommune har planområde formål næringsformål og veg.

### Regulering

Det er ikkje regulert innanfor framlegg til plangrense. Aust for planområdet er det regulert til masseuttak. Det er ikkje drift i masseuttaket.

### Dispensasjon/vedtak

Det er ikkje gjeve dispensasjon eller vedtak som legg føringar for regulering.

### **Konsekvensutgreiing (KU)**

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I. Arealbruken er avklart i overordna plan og ønska bruk av området er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Sykkylven kommune.

Det vert teke med areal for å leggje til rette for betre utforming av kryss/avkøyrsløse til Sørestrandvegen. Det vert vurdert at det ikkje er krav om KU etter § 6 i forskrifta.

Etter vedlegg I blir det krav om KU dersom det blir lagt til rette for meir enn 15 000 m<sup>2</sup> BRA ny bygningsmasse.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Jamfør vurdering i planinitiativet, vert det vurdert at planlagde tiltak ikkje vil medføre vesentlege verknadar for verken miljø eller samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta.

Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for DP Våtmyra næringsområde, gbnr. 45/23 mfl. ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

### **Oppstartsmøte med kommunen**

Det vart halde oppstartsmøte med kommunen 16.06.2025, med følgjande hovudtema:

- Naturfare
- Plangrense
- Trafikktryggleik
- VAO (vatn, avløps og overvatn)
- Støy

### **Informasjon og medverknad**

Det vil bli sendt varsel om oppstart til naboar og gjenbuarar, kunngjering i lokal avis og på nettet, i samsvar med pbl. § 12-8. For nærare informasjon ta kontakt med OSE, mob. 974 89 987 eller e-post [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no). Reguleringsarbeidet blir vurdert til å gje små negative ulemper for naboar. Det blir difor ikkje lagt opp til medverknadsmøte i samband med oppstart av planarbeid. Det vil bli vurdert medverknadsmøte i samband med offentleg ettersyn.

### **Meir informasjon**

Møtereferat frå oppstartsmøtet 16.06.2025, varslingsbrev, planinitiativ og forskjellige kart blir lagt ut på Sykkylven kommune sine heimesider og på OSE sine heimesider under [kunngjeringar](#).

### **Merknadar til oppstartsmeldinga**

Merknadar som har verknad eller interesse for planarbeidet kan sendast:

OSE AS på e-post [plan@oseing.no](mailto:plan@oseing.no) eller OSE AS  
Vikeøyrane 7,  
6150 Ørsta


Frist for merknadar vert sett til **14.08.2026**. Merk fråsegn med P2160

Alle mottekne dokument og merknadar blir sendt kommunen saman med planframlegget.

### **Vidare sakshandsaming**

Etter at meldingsfrista er ute vil plandokumenta bli utarbeidd for deretter å bli sendt kommunen for sakshandsaming. Etter handsaming i kommunen blir plandokumenta lagt ut til offentlig ettersyn. Det vil då bli høve til å kome med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming og vedtak.

Med helsing



Bjarte F Friisvold  
Arealplanleggar  
Mob 974 89 987  
bjarte@oseing.no

#### Vedlegg:

DP Våtmyra næringsområde, gbnr. 45\_23 mfl. - plangrense\_04.06.2026  
DP Våtmyra næringsområde, gbnr. 45\_23 mfl. - flyfoto\_04.06.2026  
DP Våtmyra næringsområde, gbnr. 45\_23 mfl. - komplan\_04.06.2026  
DP Våtmyra næringsområde, gbnr. 45\_23 mfl. \_reguleringsplan\_04.06.2026

#### Vedlegg også sendt elektronisk:

Referat frå oppstartsmøte 16.06.2025  
DP Våtmyra næringsområde, gbnr. 45\_23 mfl. – oversiktskart\_04.06.2026

#### Brev sendt elektronisk til:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statens vegvesen  
NVE  
Mattilsynet  
Sykkylven kommune  
Sykkylven Energi AS  
Straumen nett AS  
Attvin

Brev til grunneigarar og naboar:

Lennart Notanes Riksheim	Sørestrandvegen 1159	6222 Ikorntnes
Kristin Riksheim	Sørestrandvegen 1144	6222 Ikorntnes
Joar Ekornes Holding AS	Sørestrandvegen 1093	6222 Ikorntnes
Våtmyr Industripark AS	Sørestrandvegen 1122	6222 Ikorntnes
Fishtech Hygena AS	Kursetstranda 40	6224 Hundeidvik
Kåre Jan Riksheim	Sørestrandvegen 1109	6222 Ikorntnes
Bergljot Riksheim Jensen	Sørestrandvegen 1105	6222 Ikorntnes
Sykkylven kommune	Kyrkjevegen 62	6230 Sykkylven
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404 Molde